



Norsk Gudbrandsdalen  
Landbruksrådgiving



Oppdal  
Landbruksrådgiving

# Vånd og våndskader

problem og forslag til tiltak



**Småskriftet “Vånd og våndskader, problem og forslag til tiltak”** er eit resultat av prosjektet “Hvordan holde bestand av vånd under økonomisk skadeterskel for landbruket”. Dette har vore eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk Landbruksrådgiving Gudbrandsdalen, Oppdal Landbruksrådgiving, FMLA Oppland, Dovre Kommune, Lesja Kommune, Nord-Fron kommune, Rennebu Kommune, Vågå Kommune, Lom Kommune, Folldal Kommune, Oppdal Kommune og Dovre Bondelag. Norsk Landbruksrådgiving Gudbrandsdalen har prosjektleinga.

Prosjektet starta i 2009 og vil bli ferdigstilt i løpet av februar 2013.

Foto framside: bilde t.v. Arnulf Soleng, bilde øvst t.h. Leif Martin Svisdal, bilde nedst t.h. Bjørn Lilleeng

**Tittel:** Vånd og våndskader - problem og forslag til tiltak

**Redaksjon:** Sigurd Eggen  
Bjørn Lilleeng  
Leif martin Svisdal  
Torhild Svisdal Mjøen  
Torbjørn Elvestad

**Redaktør og layout:**

Rønnaug Mona

**Foto:** Alle foto er teke av redaksjonsgruppa der anna ikkje er nemnd.

**Utgjevar:** Norsk Landbruksrådgiving Gudbrandsdalen og Oppdal Landbruksrådgiving

**Småskriftet kan også lastast ned på:**

<http://gudbrandsdalen.lr.no>

<http://oppdal.lr.no>

# Vånd og våndskader

## problem og forslag til tiltak

*Vånd er eit problem som dukkar opp i norsk jordbruk med ujamne mellomrom. Forsking på dyret er om lag fråverande. Derfor veit vi lite om kva som styrer opp- og nedgangar i bestanden. Det som kan registrerast er at når toppane kjem, er oppgangen nærast eksplosjonsarta. Like fort kan det vera over. Vånd blir likevel aldri heilt borte frå faunaen vår, og vi vil alltid ha små populasjonar på inn og utmark.*

## Biologi og levesett



*Vånd trivst eigentleg best i fuktige omgjevnader. Foto: Wikipedia Commen*

Vånd (*Arvicola terrestris*) er ein smågnagar og høyrer til markmus-familien. Den blir òg kalla jordrotte eller vassrotte. Dyr i denne familien er og nemnde som stumpmus. Det kjem av at dei har ei stump snute, små øyro, hårkledd rumpe og korte bein. Det som særleg skil vånd frå andre stumpmus, er storleiken. Kroppen kan bli opptil 20 cm lang og i tillegg har den ei rumpe på 5-10 cm. Pelsen er langhåra og mørk brun.

Vånd ynglar frå april til oktober og får i yngleperioden i alle fall 4-5 kull, i alt 20-30 ungar. I og med at dyret er forplantningsdyktig frå to månaders alder, seier det seg sjølv at ein populasjon kan bli rimeleg stor i ein sesong med optimale tilhøve.

Vånd finst i alle landsdelar, frå kyst til høg fjell. Den trivst eigentleg best i fuktige omgjevnader og er ein utruleg god symjar. Kryssing av vatn og elvar er derfor ikkje noko problem. Antakelig er det i desse våte områda vi finn vånd normalt. Ved auke i ein populasjon, blir det geografisk spreing og dermed kan vi få etablering av vånd der vi helst ikkje vil ha dei.

Vånd lever for det meste eit liv i mørke, i omfattande gangsystem under bakken. Gangane har fleire formål: dei djuptliggande for opphald, yngling og lagerplass, dei grunne for innsamling av mat.

Vånden er for det meste vegetarianar. I vekstsesongen ferdast dei på overflata for eta grøne, ferske plantedelar, helst på nattetid. Utover ettersommaren startar ei omfattande innsamling av vinterfôr. Dette inneheld energirike røter slik som løvetann, høymol, kveke, brennesle, kløver, luserne, tilgjengelege knollar m.m. Fleire ti-talls kilo poteter er funne i eitt og same lager.



*Matlager av kveke- og løvetannrøter.*

## Skader

Det er ved etablering av gangsystem på grovfôrareal vi får dei største og mest omfattande skadane. Det er svært store mengder jord som blir liggande oppå bakken når eit gangsystem er under bygging. Jordinnblanding i fôr er derfor det mest utbreidde problemet ved våndangrep. Her kan det

økonomiske tapet bli svært omfattande, blant anna ved at fôr må kasserast, eller ein får sjukdommar på dyra, som til dømes listeria og botulisme, som følgje av forureiningar i fôret.

Vånd kan òg gjere store skadar på potet, frukttre og på skogplantingar. Det



*Store mengder jord blir liggande oppå bakken når gangsystem er under bygging.*

er òg eksempel på at vånd har gjort skade på bringebær dyrka i tunell.

I villahagar kan lauk, frø og knollar bli våndmat. Angrep i villahagar kan vel ikkje seiast å vera eit økonomisk problem, men er svært ubehageleg og uhygienisk i samband med til dømes vasskjelder.

## Naturlege predatorar

Vånd er mat for alle typar rovfugl, ugler, måke, ramn og kråke. Rev, mår og særleg røyskatt/snømus er effektive smånagarjegerar. Enkelte hunderaser og kattar kan òg bli flinke til fangst. Sidan vånd er eit nattdyr, avgrensar dette moglegheitene for ein del artar.



*Jordinnblanding i før er det mest utbreidde problemet ved våndangrep.*

## Korleis kan vi redusere våndplaga?

Det er mangelfull kunnskap på dette området. Vi kan gje råd, men ei fullstendig løysing er vi langt unna.

Det mest effektive, etter dei erfaringar vi har gjort, er å gjera det så utriveleg som råd for vånda. I klartekst vil det vera å fjerne mattilgangen og redusere gode overvintringsplassar. Mattilgangen kan vi redusera gjennom førebyggjande tiltak (sjå side 6). Det å redusere overvintringsplassar er svært vanskeleg. Meir areal enn før er ikkje slått/hausta eller beita og blir liggjande brakk med mykje gras/fynn. Dette gjeld og vegkantar. I det store og heile er leveområda for markmusarar større enn på lenge.

Det må settast inn kollektive tiltak til for å avgrense skadane, gjerne grendervis eller helst i heile området der vånd er utbreidd.



*Vegkantar ein ein god opphaldsstad for vånd.*

# Førebyggande tiltak

Ein viktig faktor i kampen mot vånd er førebyggande tiltak, eller sagt på ein annan måte, god agronomi. Dyra ser ut til å trivast best i eldre, ugrasbefengt eng. Tiltaka vi anbefaler kan difor ha dobbelt verknad, betre og større avling og samstundes mindre våndsskader.

## 1. Tiltak før attlegg:

Rotugras er ei viktig matkjelde til vånd. Det er derfor svært viktig å sette inn tiltak. Førebygg med full brakking før attlegg.

➤ Fjern alt ugras med eit brakke-middel, t.d. glyfosat. For at dette skal knekkje all kveke, må kveka ha minst 4 blad. Kveka må da være minst 25 cm høg og vere i god vekst.

➤ Dersom den gamle grasmarka er full av alle typar ugras som høymol, løvetann, kveke m.m., må ein anten auke dosa med brakkemiddel eller forsterke verknaden ved å blande inn eit anna godkjent ugrasmiddel, t.d.



Det er viktig å sette inn tiltak mot rotugras for å redusere mattilgangen.

Starane. Det aller beste er å sprøyte med full dose av eit ugrasmiddel, vente ei veke og så sprøyt med eit brakkemiddel. Etter sprøyting bør kveke

få ligge i minst 4 dagar om våren og 14-15 dagar om hausten før ein pløyer.

➤ Dersom ein ønskjer å knekke ugraset utan kjemiske middel, må ein brakke jorda ved gjentatt skållharving (tørt vært) til alle planter er utsvelta og døde. Vent til kveka har vokse opp 10 cm før du harver. Du vil da svelte ut plantene.

➤ Avslutt med ei djup (25 cm) og tett pløying. Viss du legg 10 cm med pakka jord over ein kort og oppkutta kvekestengel, vil den ha problem med å nå opp til overflata.



Gjenteke skållharving kan nyttast som tiltak mot rotugras.



Avslutt alltid med ei djup, tett pløgsle.

## 2. Tiltak i attlegget:

- For å unngå at løvetann, høymol og andre ugras skal etablere seg på nytt frå frø, bør ugraset bekjempast effektivt med eit godkjent ugrasmiddel, t.d. Express og MCPA.
- Er det fare for angrep av vånd, bør ein ikkje så kløver eller luserne. Om dette også gjelder bladfaks, er litt usikkert. Timotei, raigras, grønfôr, eng-svingel mfl. lagrar lite opplagsnæring i røter og jordstenglar og er derfor ikkje så interessant for vånden.

## 3. Vedlikehald av eng:

- Traksskade eller overvintringsskade kan lett gi sår og opningar i grasmarka. Her vil ugras lett etablere seg. Har du mykje av dette, kan det løne seg å reparere enga med ny såing. Det kan òg bli nødvendig å bekjempe slikt ugras med eit selektivt middel, t.d. Starane.



*Er det mykje jordhaugar etter vånd på enga, må ein fornye.*

## Bekjemping av etablert vånd

Dette er ikkje lett. Etter våre erfaringar, er det mest effektive å brakke bort alt gras og ugras, og dyrke raigras og grønfôr i 2-3 år. Beit raigraset eller gamalenga hardt med ammeku eller mjølkeku om hausten. Fôr òg dyra med fôrhekkar på same arealet utover hausten. For å forstyrre vånden maksimalt, bør fôrhekkane til stadigheit flyttast.

Er det mogleg å pusse jordeskantane med beitepussar eller liknande, er det

en stor fordel å gjere det vår og haust. Dukkan det opp våndbauk om hausten, bør ein køyre moseharv rett før telen kjem. Dette gjer at ein forstyrrar vånden og gjer det vanskelegare for den å overleve vinteren. Haustpløying har òg vist seg å vere eit godt tiltak mot vånd, da dette øydelegge våndgangar og moglegheitene til vånden å overleve vinteren. Dersom det er mykje vånd ved pløying, kan det vera naudsynt med hjelp til avliving av dyr som kjem opp på overflata.

Ein kan òg prøve med eksos, kalsiumkarbid (kan kjøpast på Felleskjøpet og lokale møller) eller rottefeller. Felles for desse metodane er at dei er arbeidsame og lite effektive dersom ein har 100-vis av ynglande vånd. Er angrepet lite og berre i starten, kan metoden være verdt å prøve.

### ➤ Gift

Vanleg rottegift er ikkje brukbar til nedkjemping av vånd. Motgifta mot rottegift er K-vitamin som finns i store mengder i plantematerialet som vånd et. Alternativet er mosegrismais, eit dansk middel (mosegris er det danske namnet på vånd). Vi har prøvd det i praksis, men er svært lite tilfreds med resultatet. I den grad det skulle fungera, er bakkdelen at dette er eit akkumulerande middel. Det vil seie det hopar seg opp vidare i næringskjeda. Likeeins er det med eit anna dansk middel, fosforbrinte. Dette er i tillegg svært farleg å handtere og berre tillate å bruke for fagfolk i godkjente skadedyrfirma. Kostnaden blir derfor svært høg, og gjer det derfor uaktuelt.



*Gifta mosegrismais er prøvd ut i prosjektet, utan tilfredsstillande resultat.*



*Vanleg rottefelle er den rimelegaste og beste fella til å fange vånd med.*

### ➤ Feller

Vi har prøvd ut fleire typar feller. Kassefeller, saksefeller og vanleg norsk rottefelle. Det er ofte sagt, det enkle er det beste. Rottefelle er overlegent rimelegast og best. Bruk vissen gulrot som åte, set fella ved eit utgangshol som du trur er i bruk, set over ei svart bøtte og tett godt. Tips: For å finne ut kva for utgangar som er i bruk, tett alle du finn og vent ei natt. Da vil vånda opne det ho brukar. Set fella ved dette holet.

Felle kan vera effektivt ved første gongs angrep på våren og er særleg aktuelt for villahagar. Fellefangst ved større angrep er svært arbeidsamt og dermed og uaktuelt.

### ➤ Eksos og karbid

Desse metodane har vore nytta gjennom lange tider. Det kan fungere ved små angrep der gangsystemet er lite, men har mindre verknad ved større angrep. Vånda registrerer gassane og tettar mest sannsynleg gangane.



# Skadeavgrensning ved angrep på eng



*Om våren er det viktig å køyre moseharv for å slette jordpølser og haugar som vånd har grave i løpet av vinteren. Foto: Arnulf Soleng*

Når våren kjem, bør ein køyre moseharv for å slette jordpølser og haugar som vånd har grave i løpet av vinteren.

Som oftast er det lite vånd å sjå frå våren til 1. slått. Mengda av vånd aukar mykje utover seinsommaren/hausten. Dersom ein tek ein tidlegg 2. slått i byrjinga av august, blir ikkje problemet med jord i føret så stort. Ventar ein derimot med 2. slått til månadsskiftet august/september, er det stor sjanse for at ein får øydelagt mykje fôr på grunn av jordinnblanding.

I tilfelle tilveksten av gras er stort etter ein tidleg 2. slått, bør enga beitast eller pussast av med beitepussar.



*Ein tidleg 2. slått reduserer problemet med jord i føret.*

## Villahagar

Våndangrep i hagar er mindre vanleg her i Norge. I Danmark er det eit stort problem og det blir vanlegvis anbefalt feller. Gift er tillate, men er der som her svært betenkjeleg i nærleiken av bustadområde. Det beste rådet ein kan gje, er å halde hagen «rein». Det vil seie fri for brask, daudgras og ugras.

Forstyrre dyra mest mogleg med gras-klypping, tetting av eventuelle gangar etc. Samarbeid med naboar. Alt som kan gje gode overvintringstilhøve for dyra, må fjernast. Isolering av husmurar, vassleidningar og buskar, kan vera ideelle vinterhus for smågnagarar.

### Litteraturliste:

- Vånd og våndskader, Erik Christiansen, NISK
- Aarhus Universitet, Institutt for Plantebeskyttelse og Skadedyr.
- Wikimedia Common (bilder)
- Våndprosjektet NLR Gudbrandsdalen

## Advarsel!!!

Hugs eingongshanskar ved all handtering av smågnagarar og utstyr til bruk ved fangst og avliving. Musepest/harepest er ein svært farleg sjukdom.

Eigne notat



Returadresse:  
Norsk Landbruksrådgiving  
Gudbrandsdalen, 2686 Lom

Småskriftet er utgitt av og  
kan bestillast frå:



2686 Lom  
Telefon: 954 06 419  
E-post: [gudbrandsdalen@lr.no](mailto:gudbrandsdalen@lr.no)



Dovrev. 13, 7340 Oppdal  
Telefon: 72 42 12 20  
E-post: [oppdal@lr.no](mailto:oppdal@lr.no)